



Marius Rødland
Steinsvikvegen 16
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/250 - 21/7666

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
03.02.2021

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 106/12 Fanebust


Tiltak: Arealoverføring
Byggjestad: Gbnr: 106/17 og 106
Tiltakshavar: Marius Rødland

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 11.01.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Delar av arealet som er søkt arealoverført ligg inne i faresone ras og skred. Det er eit krav i gjeldande kommunedelplan for Lindås § 4.1.3 at det ved td. frådelling i områda i kommunedelplanen som ligg i denne faresona skal gjerast ei geologisk vurdering av risiko for ras og skred. De må supplere søknaden med rasrapport frå fagkunnig geolog.
2. Delar av arealet ligg innanfor omsynsone kulturmiljø og kulturminner rundt Den Trondhjemske postveg i kommunedelplanen. Kommunen sender difor søknaden på høyring til fylkeskommunen. Dette vil også gjelde for bygging av ny driftsbygning.



3. Me kan ikkje sjå at det er lagt ved kvittering for nabovarsel til Vestland Fylkeskommune, gbnr 106/147- FV 400 Fonnebostvegen.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 04.03.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottaks kontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Ved all kontakt i denne saka, referer til saknr.: 21/250.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Marius Rødland
Vigleik Vabø

Steinsvikvegen 16
Fonnebostvegen 293

5955 LINDÅS
5955 LINDÅS